

## Høringsuttalelse jamfør sakene:

- 202320330 – opprusting og utvidelse av Røldal - Suldal
- 201913014 – revisjon av konsesjonsvilkår Røldal – Suldalsvassdraget

Gjennom fleire generasjonar har vår familie vore grunneigarar inne i Valldalen. Vår eigedom heiter Nordre Valldalen og ligg lengst inne i Valldalen, mellom Valldalsvatnet og Hardangervidda nasjonalpark.

NVE har ute to høyringar – ein for revisjon av dagens konsesjonsvilkår og ein for opprusting og utvidelse av Røldal Suldal – med pumpeteknologi.

Dette skrivet svarer på begge høyringane.

### Tilkomst til eigedomen

Konsesjonen fra 1962 sa at eigedomane skulle ha lik tilkomst etter regulering, som før reguleringa tok til.

#### Vinterstid

Det har vore mange utfordringar med tilkomst til eigedomen etter at Valldalsvatnet vart neddemt. På vinteren så er isen jevnt uthygg. I beste fall kan vi kome innover frå februar og til påske. Vi har fleire gonger hatt turar inn og ut med mykje overvatn, og vi har og gått gjennom isen med både scooter, folk og bagasje. Det var berre hell at det har gått bra i alle desse åra.

Fram til energien vart sold på Nordpool var det oftast trygg is. Då vart vatnet fylt på hausten, før dei tappa det sakte men sikkert til våren – utan store reguleringssendringar. Etter at prisen på Nordpool, saman med Hydro og no Lyse sine kraftanalytikarar sine vurderingar, har vorte premissgivarar, så varierer vannstanden hyppig både opp og ned. Det stoppast og startast kraftverk hyppig, og kraftproduksjonen varierer, alt etter prisen på vatnet og prisen i marknaden.

Vinterstid er det slik situasjonen i dag heilt naudsynt å bruke vatnet for å kome inn og ut til eigedomane. Fleire av oss grunneigarane på Nordre Valldalen vel vekk å reise inn fordi det er mest umogleg å planlegge om vi kan klare å kome oss inn eller ei. Vi har opplevd å kome bort til dammen, og må reise i retur fordi det er for uthygt å køyre inn.

Eit pumpekraftverk vil gjere tilkomsten vinterstid endå vanskelegare. Då vil vannstanden variere gjennom døgnet, vekene og månadene – og truleg vil vi aldri få sikker is. I eit møte mellom DNT og Lyse / Hydro er det sagt at vannstanden kan variere opp mot 2 meter i døgnet. Det vil samstundes seie at vi ikkje kan bruke vatnet som ferdselsveg i det heile.

***Den einaste måten å sikre at vi kan kome trygt inn er ved å bygge tunnel som gir tilkomst forbi i den ytterste delen av Valldalsvatnet, samt lage rassikker veg i den indre delen av vatnet.***

Vi har behov for å parkere bilar og tilhengarar når vi kører snøscooter vidare. I dag er parkeringsplassen under dammen full av hyttefolket som har hytte der ute og det er ikkje plass til oss andre som er avhengige av transport for å kome oss lenger inn på vidda.

***Parkeringsplass ved dammen må byggast og brøytaast slik at det er tilgjengelege parkeringsplassar til både hyttefolk, grunneigarar og andre brukarar.***

#### *Sommarstid*

5. november 1964 fekk konsesjonæren aksept for å gå vekk frå weaselrute på vinterstid, og båtrute sommarstid dersom dei bygde veg heilt frå hyttejuvet til bruva over Grøno. Dei påla kommunen å gjennomføre vedlikehald, og departementet meinte at vegen skulle vere farbare for vintertransport og konsesjonssøkjaren må vårbrøyte vegane slik at dei er farande med bil først i juni.<sup>1</sup> Situasjonen i dag er at kommunenesamanslåing har gitt endra driftsforhold for kommunane. Då denne avtalen vart inngått, så var Røldal kommune vertskommune for kraftverket. Deretter vart Røldal slått saman med Odda, og no seinast er det Ullensvang kommune som er vertskommunen for Røldalsbygda. Det medfører også at antall kilometer med veg er markant auka i tråd med auking av kommunens areal. Standard på vegen er omtrent lik det kongeleg resolusjon i 1964 sa – og er ikkje i tråd med dagens standard for vegar. Vi saknar ein geologisk rapport som seier at vegen er trygg. Vi saknar trygge vegskuldrer, gode stikkrenner og grøfter som sørger for at vatnet ikkje tek med seg vegen, gode møteplassar, og ikkje minst autovern som sikrar oss når vi kører høgt oppe i fjellsidene. Trafikken på vegen aukar år for år. Tyske bubilar og norske sauebilar kjem i både sein og rask hastigkeit. Oftast kører vi med hjartet i halsen både inn og ut vegen til Valldalen.

***Vi meiner at vegvedlikehaldet og utbetring må tilbakeførast til konsesjonær.***

Dei har inntekter og midlar til å drifte denne på ein god måte for alle – både grunneigarar og turistar. I kommunens budsjetter konkurrerer vegvedlikehald med sjukeheimspllassar og utstyr på skulane.

Oftast er ikkje vegen open før 8 – 10 juni, og i verste fall har datoен vorte 18. juni. Då har vi mista verdifull tid til å vedlikehalde eigedomar og bygg. Departementet sa i 1964 følgjande: «Vegane må haldast farbare for vintertransport og konsesjonssøkjaren må vårbrøyte vegane slik at dei er farande med bil først i juni.»

***Vi krev å få tilgang til eigedomane våre seinast 1. juni kvart år.***

---

<sup>1</sup> [Endring i konsesjonsvilkåra for Røldal-Suldal Kraft – 5.november 1964 \(Bilveg i Valdalen, båt og weasel-rute utgår\) – Røldal.info](#)

## **Tilkomst til å bruke båt og vatnet**

I konsesjonen frå 1962 står det at konsesjonären skal utføre nødvendige opp trekksanordninger for båttrafikken på Røldalsvatn og på Valdalsmagasinet. I Valldalsvatnet er det eit opptrekk heilt ute ved dammen. Dette er i varierande stand – alt etter kor høgt eller lågt vatnet er. Det er langt frå alltid at ein kan kome ned med båthengar i dette båttrekket. Elles er det ingen andre moglegheiter å kome ned til vatnet utan å bere båten både opp og ned. Det er naudsynt å gjere dette kvar gong ein har vore ute – for ein veit ikkje kva veg vannstanden går til neste dag, eller kor fort det aukar.

***Det må båttrekk på plass fleire stader i vatnet slik at det er mogeleg for fleire grunneigarar å nytte fiskerettane dei har på eigedomane.***

Reguleringshøgder må begrensast. I dag kan konsesjonären regulere vatnet heile reguleringshøgda fra 665moh til 745 moh – 80 meter– gjennom heile året. Etter vår kunnskap har dei fleste reguleringsmagasin ei begrensing på reguleringshøgda, normalt på sommaren – for å sikre tilkomst til vatn og for å unngå å ha store sår i landskapet når ikkje snø og is dekker landskapet.

Heile sommaren ser vi på skrenter og sår langs heile vannflata. Dette er synet som vi viser turistar som skal gå inn på nasjonalparken med eit spesielt vern. Ganske spesielt å sende dei frå eit område med så store sår, og inn i eit område som ikkje har sår i det heile.

***HRV / LRV på sommaren må begrensast til ein reguleringvariasjon på maks 5 meter fra 1. juni til 1. september***

Kvifor det ikkje er tilfellet for denne konsesjonen kan ein jo lure på. Difor er det naudsynt å presisere at dette også bør gjelde for vår tilkomst og bruk. Ei begrensing på HRV / LRV sommarstid vil gi oss tilgang til å bruke båt på ein heilt annan måte enn i dag.

## **Tilkomst til eigedomane i samband med kraftverksrevisjonar**

I samband med kraftverksrevisjonar, eller tiltak på damanlegg, så opplever vi at tilkomsten vår reduserast i større grad enn normalt. I 2008 pågjekk det arbeid på damanlegget, og no er vi varsle om at våren 2025 skal nye arbeid startast. Det er planlagt gjennomført til sommaren 2026, men dette vil avhenge av snøforhold og framdrift.

Dagens vinterparkering skal verte riggområde og parkering for hytteigarar, grunneigarar og andre brukarar reduserast ytterlegare.

Vegen inn til Valldalen vil verte stengt på dags tid, men det vil truleg vere mogeleg å kome inn på kveld / natt. Dei vil vurdere om det er mogeleg å passere ein gong på dags tid. Det vil seie at vi ikkje har moglegheit til å kome oss på butikken når vi er på hyttene. Det vil også seie at alle sauebønder som har sauene på eigedomane våre ikkje vil kunne køyre med sauetransport inn og ut. Vil dei då kompensere for næringstap som følge av dette?

***Vi må ha moglegheit til å kome inn til eigedomane våre også når Lyse gjer utbetringsarbeid, uavhengig av om dette er lovpålagt arbeid, eller vedlikehaldsarbeid.***

### **Avtalar med grunneigarar**

Vi har fått kunnskap om at Hydro / Lyse bruker makta si som «storebror» til å skaffe seg sjølv fordelaktige avtaler på bekostning av grunneigarar. Dette er avtalar utan moglegheit for oppseiing for grunneigar, avtalar med dårlige finansielle vilkår og avtalar med uendelige tidslinjer.

Vi vil at alle grunneigaravtalar som Hydro / Lyse har inngått skal skrivast nye. Dei må vere balanserte både for konsesjonær og grunneigar.

***Vi opplever at konsesjonær nyttar makta si til å oppnå fordelaktige avtalar.***

Vi har:

- dårlagare tilkomst.
- mindre tilgang til ressursane våre.
- usikkert om vi kan kome inn på vinterstid.
- ei veg innover som er utsiggrunn både på sommaren og på vinteren.
- Vanskjer med å parkere vinterstid dersom vi kjem inn på hytta
- Ein avtale på vår grunn som er uoppeligeleg frå vår side.

***Vi håpar at de i NVE ser at det å vere grunneigar inne i Valldalen i dag har store begrensingar sammenlikna med mogeleg drift av eigedomen før neddemminga, og vi håpar at de høyrer vår stemme inn i det grøne skiftet.***

Sameiget Nordre Valldalen

Mandal 27.10.24

Thora Rabbe Skybak

Finn Taro Hano Rabbe

Helleik Rabbe

Ingrid Rabbe Larsen

Kristin Rabbe Larsen

Bente Rabbe

Marit Flateland

Linda Rabbe Haugen